Luster kommune

Månadsplan og infoskriv frå vetlestova, oktober 2018

Tilbakeblikk på september: Barn og vaksne er no vortne trygge på kvarandre. Tryggleik og trivsel er heilt avgjerande for læring. Me vaksne har vorte kjende med barna og rutinar og behov dei har. Me jobbar mykje med sosialisering, korleis me skal vere mot kvarandre, venta på tur, vera ein av ei gruppe.

God erfaring med å dele gruppa. Det er då rolege og gode stunder, både i samling, under måltid, på turar. Småstjernene er og byrja å ha lese-, spele- og kjøkkengruppe. Annakvar onsdag har småstjernene samarbeid med småstjernene på Storestova.

Veke 38 var brannvern-veka. Me hadde to varsla øvingar og ein uvarsla. Dette gjekk fint, dei eldste barna veit at me skal gå ned til grinda når brannalarmen går. Stor stas å ha besøk av brannbilen. Hugs å krysse barna inn og ut på registrerings-lista.

Planar for oktober:

MEG SJØLV: me vil fokusera på KROPPEN. Me vil bruka sangar, rim og regler som omhandlar dette temaet. Mange av sangane, rima og reglene er det rørsler til. Elles er det naturleg å bruke omgrep på ulike kroppsdelar i påkledning og stelling. Flott om barna kan ha med seg sangkortet sitt. Dette vil me bruka i samlingane i oktober.

SOSIALT ENTREPRENÆRSKAP: Torsdag 4.10 inviterar me til Nava Jyoti marsj. Sjå eige oppslag. Me syng Nava Jyoti sangen vår som bordvers denne månaden.

TURAR I NÆRMILJØET: Me legg vekt på fagområdet «Nærmiljø og samfunn» i oktober. I rammeplan står det: *«Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnhagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunn og verda* attmed vegen og ved barnehagen.

Ymse:
8.10 er planleggingsdag, barnehagen er stengt.
Veke 40 og 41 er det tilbod om foreldresamtale. Påmeldingsliste heng på oppslagstavla.
Veke 41 er skulen sin haustferie. Skal barna ha fri så er det fint om me får melding.

Me håpar på eit godt og konstruktivt samarbeid med dykk foreldre. Me vil gjera vart beste for at barna skal ha gode og innhaldsrike dagar på Vetlestova.

Ta gjerne kontakt om noko er uklart

Helsing Malene, Gerd, Stine, Ingrid, Silje og Inger Helene